

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksak - gnr. 325, bnr. 11 Fosse - Alver kommune

Vi viser til brev datert 24.06.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeidning av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, elde vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

### Hogst

Vi ynskjer å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune også skal varslast om planlagd hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varselet skal sendast til [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) og innehalde følgande informasjon:

- **Gnr - Bnr - kommune**
- **Kart over hogstområde og eventuelle driftsvegar, velteplassar, m.m.**
- **Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området**
- **Planlagt oppstartsdato**
- **Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer**

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
Seksjonsleiar

Sigrun Wølstad  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*